

Musea i Sogn og Fjordane

Til: **Sogn og Fjordane Fylkeskommune v/Jan Heggheim og Ingebjørg Erikstad,**
Frå: **Musea i Sogn og Fjordane v/Kjartan Aa Berge**
Kopi: **Styreleiar Laura Kvamme, avdelingsdirektør Franziska Rüttimann og**
museumsfagleg seniorrådgjevar Thomas Walle
Dato: **19.mars 2019**

Samandrag

Kvernsteinsparken i Hyllestad er visingsarena for eit av Noregs største kulturminne: Eit 1300 år gammalt steinbrotslandskap som har vore bergverkssenter i vikingtida og mellomalderen med drift fram til 1930.

I **regionalplanen for kultur i Sogn og Fjordane (2019 – 2027)** vert kvernsteinslandskapet saman med fylket sine to verdsarvområde, stavkyrkjene, Gulatinget og Selja kloster nemnd som kulturminne av nasjonal betydning. **Kvernsteinsparken skal i følge planen utviklast til eit kulturelt kraftsenter** på lik linje som dei andre nemnde kulturminna.

Kvernsteinsbrota i Hyllestad vart dessutan i si tid vald ut av staten/Riksantikvaren til å vere med i den transnasjonale UNESCO-verdsarv-søknaden «Viking Age Monuments and Sites» og står sidan 2011 oppført på den **tentative lista over UNESCO-verdsarv**. Kvernsteinsbrota er høgaktuelle for å verte tatt med i Riksantikvaren sitt register over «Kulturlandskap av nasjonalt interesse» (KULA) som det for tida jobbast med. Kvernsteinsbrota er soleis eit kulturminne av både nasjonal og internasjonal verdi.

Kvernsteinsparken består i dag av ei løype gjennom steinbrotslandskapet samd 4 kalde grindbygningar. Infrastrukturen og fasilitetane er svært enkle og drifta er tungvinn, ikkje minst av di kontora til dei tilsette ligg fleire hundre meter frå museet. Potensialet til Parken – som konsulent Stein Storsul i ein rapport (2014) anslo til ca. 8 000 besökjande per år (mot ca. 3000 i dag) – kan ikkje utnyttast på denne måten.

I 2016 utarbeidde Musea i Sogn og Fjordane, avdeling Norsk Kvernsteincenter, i samarbeid med eit profesjonelt firma (Groenlandbasel frå Sveits) eit konsept for utviklinga av Kvernsteinsparken. Formålet med utviklinga er å gjere Kvernsteinsparken til eit regionalt fyrtårn – eit kulturelt kraftsenter – for både lokalbefolkning og tilreisande, auke besøkstala og skape eit meir profesjonelt museum. Utviklingskonseptet består av 3 delprosjekt: Utbygging av dei eksisterande bygningane (storehuset, verkstaden og smia), oppgradering av turen gjennom steinbrotslandskapet og eit nytt besøkssenter med resepsjon, utstilling, ein liten kafé og kontora til dei tilsette. Totalkostnaden til heile prosjektet er anslått til ca. 24 mill. (eks. mva).

Kvifor skal Kvernsteinsparken utviklast?

Kvernsteinsparken fortel om eit kulturminne av internasjonal og nasjonal betydning

Kvernsteinsparken i Hyllestad vart oppretta i 2002 for å fortelje om eit av Noregs største

kulturminne: Steinbrot som var i kontinuerleg drift frå ca. 700 til 1930. Det finst om lag 400 steinbrot, og hovudproduksjonen gjekk føre seg i vikingtida og mellomalderen. Den gongen var Hyllestad eit senter for bergverksdrift både nasjonalt og internasjonalt. Kvernstein var hovudproduktet, både handkvern- og vasskvernstein forlét Hyllestad via sjøvegen og enda opp andre stadar i Noreg, Sverige, Danmark, Nord-Tyskland og Vesterhavsyane.

Kvernsteinsproduksjonen er eit unikt vitne om tidleg industriell verksemd og etablering av handelsnettverk i vikingtida. Kvernsteinsbrota står nominerte på UNESCO si verdsarvsliste og skal verte med i Riksantikvarens liste over Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA). I regionalplanen for kultur i Sogn og Fjordane (2019 – 2027) vert kvernsteinslandskapet saman med fylket sine to verdsarvområde, stavkyrkjene, Gulatinget og Selja kloster nemnd som kulturminne av nasjonal betydning. Kvernsteinsparken skal i følgje planen utviklast til eit kulturelt kraftsenter på lik linje med dei andre nemnde kulturminna.

Kvernsteinsparken er i dag det einaste museum i Noreg, fast bemanna med fagfolk, som har steinbrotsdrift som hovedtema. Med dette som utgangspunkt finnast det mange spennande og aktuelle tema som kan forteljast til publikum:

- Geologi og jordas utvikling (korleis vart steinane til?)
- Bruk av naturressursen Stein gjennom tida (frå steinalder heilt til i dag. No brukar vi meir stein enn nokonsinne)
- Kvernas og kornets historie og betydning for menneska
- Matproduksjon med fokus på kornrelatert mat (graut/brød/øl)

Kvernsteinsparken utnyttar i dag ikkje sitt potensiale

Kvernsteinsparken vart oppretta i 2002 på initiativ av lokale eldsjeler med støtte av Hyllestad kommune. Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter vart grunnlagt i 2009. I 2013 vart Stiftinga konsolidert som ei eige avdeling i Musea i Sogn og Fjordane. I dag har Norsk Kvernsteinsenter 220 stillingsprosentar fordelt på 3 tilsette.

Parkområdet består av eit tun med 4 kalde grindbygningar som Hyllestad kommune eigar, og ei løype gjennom steinbrotslandskapet med stasjonar. Om sommaren er Kvernsteinsparken bemanna i 9 veker og tilbyr då omvisingar og ulike handverksaktivitetar. Elles kan publikum besøkje parken på eige hand. Det er ca. 3000 registrerte besøkjande per år. Kontoret til Norsk Kvernsteinsenter er ikkje i parken men ligg 500 m mot vest ved sida av Kommunehuset.

Hovudproblema i dag er:

- For dårleg infrastruktur til å ta imot publikum og til formidling (ingen varme bygningar, ikkje noko reint kjøken, ikkje nokon kafé)
- For få formidlingsopplegg og -tilbod: Informasjonen publikum får er sparsam og om sommaren heilt avhengig av personane som er i parken (stort sett ungdom utan fagleg kunnskap). Det eksisterer eit hefte som leiar publikum gjennom steinbrotslandskapet og utanom sommarsesongen er dette den einaste informasjonen dei besøkjande finn. Alle tema som er nemnt oppe (geologi, bruk av stein, kvernas historie, matproduksjon) blir til dags dato nesten ikkje formidla.
- Kontora er ikkje i parken: Viss kontora til Kvernsteinsenteret ville vere i parken kan dei tilsette ta imot publikum i mykje større grad. Ein kan ha opningstid frå vår til haust.

- Altfor få besøkjande: Resultat av desse tre punkta er at det kjem veldig få besøkjande. Dessutan kan ein ikkje reklamere stort for parken når tilboda og kvaliteten ikkje er på plass.

I 2012 (før konsolideringa) ga Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter oppdrag til konsulent Stein Storsul å utarbeide ein utviklingsplan for Norsk Kvernsteinsenter. Hovudpoenget i rapporten hans er at Kvernsteinsparken har eit stort potensiale (8000 besøkjande og meir) og at det er naudsynt med både eit lite besøkssenter og fleire stillingar viss ein vil utnytte Kvernsteinsparkens potensial og skape eit berekraftig og profesjonelt museum.

Storsul sin rapport danna grunnlag for det vidare konseptarbeidet som vart starta opp i 2015 og som førte til samarbeid med det sveitsiske firmaet Groenlandbasel som har mange års ekspertise på museumsutvikling og utstillingar. Groenlandbasel vann anbodskonkurransen der tre firma var inviterte.

Kvernsteinsparken skal bli eit profesjonelt og attraktivt museum – eit kulturelt kraftsenter

Den framtidige Kvernsteinsparken skal vere eit museum som utnyttar sitt potensial som einaste godt fagleg bemanna steinbrotmuseum i Noreg.

Hovudmåla er:

- Skape eit attraktivt, profesjonelt og levedyktig museum med ein god infrastruktur
- Tiltrekke fleire besøkjande (5000 – 10 000 per år)
- Lengre opningstider
- Vere eit fyrtårn innan reiselivet og bidra til utviklinga av det regionale næringslivet/reiselivet
- Skape gode tilbod og møteplassar for lokalbefolkinga (kurs, arrangement, kafé, leikeplass, utelege av Storehuset, parken som rekreasjonsområde) og bidra til kommunen og regionen sin attraktivitet
- Kvernsteinsparken er aktuell som Geoparksenter i ein framtidig UNESCO Global Geopark som det no jobbast med i HAFS-kommunane (det er eit krav frå UNESCO at det må vere eit fysisk senter i ein Geopark).

Konseptet består av 3 sentrale tiltak:

1) Oppgradering av dei eksisterande bygningane (storehuset, smia, verkstaden)

Storehuset: Bygge på ein varm del med kjøken, verkstad, steinmura bakromn og peis til brødbaking og ølbrygging. Utvida tak med steinhoggarverkstad.

Verkstad: Kvernhus med lita utstilling om kvernas historie

Smia: Utvida tak og større port

Kostnad: ca. 6 mill (eks. mva)

2) Oppgradering av turen gjennom steinbrotslandskapet

Utviding av eksisterande løype, delvis universelt utforma, med hengebru, stereoviewers, trimstasjonar.

Tilbod for publikum: Skattejakt gjennom Parken med audioguide for ulike aldersgrupper.

Kostnad: ca. 5 mill. (eks. mva)

3) Besøkssenter med resepsjon, kafé, utstilling og kontor

Besøkssenteret skal vere ein ny, moderne bygning som står i stil med grindbygningane.

Grunnflate: 210 m² (varm del) og 28 m² uteplass under tak.

Kostnad: ca. 13 mill (eks. mva)

Alle detaljar om konseptet finnast i dokumentet «Den nye Kvernsteinsparken». Kostnadene er vurdert av Groenlandbasel i eit ege dokument. Firmaet Ryland Bygg frå Hyllestad har vurdert bygningskostnadene og kom fram til at dei er realistiske.

Konseptet må betraktast som heilskap som skal realiserast i eit 10-års perspektiv. Dei 3 tiltak gjer berre meinig viss dei alle vert realiserte men dei kan realiserast etter kvarandre og til dels uavhengig av kvarandre.

Kor langt har utviklingsprosjektet komme?

Musea i Sogn og Fjordane definerer utviklinga av Kvernsteinsparken som eit av sine fire prioriterte investeringsprosjekt. Hyllestad kommune er informert om konseptet både på administrasjons- og på politisk nivå og er positive til utviklingsplanane. Dette er forankra i den nye kommuneplanen frå 2018. Som eigar av bygningane og store deler av Kvernsteinsparken er kommunen ein viktig partnar.

Når det gjeld delprosjekt 2 – oppgradering av turen gjennom steinbrotslandskapet – har Musea i Sogn og Fjordane nyleg sendt søknad til Riksantikvaren om BARK-midlar (bevaringsprogrammet for utvalde arkeologiske kulturminne). Viss midlane verte løyva skal delar av turkonseptet realiserast (utvida løype, universell utforma del, utsiktsplattform, teksttavler osv.).

Når det gjeld utbygging av dei eksisterande bygningar og besøkssenter, så skal det om kort tid oppretta ei arbeidsgruppe for å lage prosjekt- og finansieringsplan.

Søknadsbeløp til Sogn og Fjordane fylkeskommune

Med bakgrunn i fylkestingsbehandlinga i april 2019 tillet vi oss å søkje om **5 millionar kroner** i medfinansiering frå fylkeskommunen til dette utviklingsprosjektet.

Vedlegg 1: 2019 19 03 Utviklingsprosjekt Kvernsteinsparken

Vedlegg 2: 2019 19 03 Kostnadsvurdering Utviklingsprosjekt Kvernsteinsparken